



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/16	Sektorutval for tekniske saker	29.11.2016
218/16	Formannskapet	07.12.2016
127/16	Kommunestyret	15.12.2016

## Sluttrapport tiltak 46092 - Omlegging av fylkesveg 725 gjennom Utvik sentrum

### Bakgrunn for saka:

Ombygginga av den fylkeskommunale vegen gjennom Utvik sentrum har blitt gjennomført i kommunal regi, og i mange utbyggingstrinn. Bygging av første del av vegen vart starta opp i 2004 for å få vegtilkomst til kommunalt bustadfelt med 6 sentrumsnære bustadtomtar. Vegen vart vidareført fram til «postvegen» i 2008, og siste del av vegen fram til brua vart ferdigstilt i 2011. Det har vore samarbeid med Statens vegvesen i samband med synfaringar/møter, godkjenning av planar m.m. Sogn og Fjordane Fylkeskommune som vegeigar har også vore kontakta mange gonger i saka, både i søknader om finansiering og i andre samrådsmøter. I same utbygginga er det også gjennomført arbeid i samband med miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum, med fullføring av «torgarealet og tunområdet» langs den «gamle» fylkesvegen mot Moldrheim.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Reguleringsplanar for Utvik sentrum

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

### Vedlegg i saka:

Orienterande opplysningar	1331092
Kostnadsoppstilling div. tiltak Utvik sentrum	1331093

### Saksopplysningar:

Viser til orienterande opplysningar i sakshandsaming mellom Stryn kommune / Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune i vedlegget (mange skriv samla i ei pdf-fil).

I samband med oppstart av bustadfeltet i 2004 vart det gjeve ei budsjettløyving på tiltak 43002 på kr. 1.430.000,- til opparbeiding av bustadfeltet.

(interne kostnader kr. 1.000.000,- , internt vatn kr. 30.000,- og for framtidig fylkesveg 400.000,-).

Utbyggingskostnad vart her på kr. 1.280.141,- og er avslutta.

For avløpsleidning med djupvassutslepp til sjøen vart det løyvt kr. 200.000,- på tiltak 45039.

Utbyggingskostnaden vart på kr. 175.362,- og tiltaket er avslutta.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav i 2007 kr. 400.000,- i tilskot til Stryn kommune på prosjektet med omlegging av fylkesvegen.

I 2009 fekk Stryn kommune etter eigen søknad tilsagn om tilskot med tettstadsmidlar på kr. 200.000,- Dette som fullføring av miljø- og trafikkmessig opprusting av Utvik sentrum, med fullføring av «torgarealet og tunområdet» langs den «gamle» fylkesvegen mot Moldereim. Dette tilskotet vart utbetalt til Stryn kommune i 2011, etter eige revisorgodkjent rekneskapsoppsett.

Stryn kommune søkte vidare i brev av 24.06.2010 til Sogn og Fjordane fylkeskommune primært om tilskot til fullføring av prosjektet med omlegging av fylkesvegen, sekundært om forskottering. I svar av 11.10.2010 har fylkesrådmannen bedt fylkesdirektøren om å førebu ei prinsipiell sak om forskottering av fylkesvegnettet. I svarbrev av 24.01.2011 vert det konkludert med at søkneden om forskottering vert avslegen, då tiltaket ikkje er prioritert i vedteke handlingsprogram som vart vedteke i 2009. Og Stryn kommune vert oppmoda om å melde tiltaket inn som eit av sine prioriterte tiltak ved rullering av handlingsprogrammet i 2013.

I handlingsprogrammet til vedteken RTP 2014-2023 er ikkje dette tiltaket kome med på noko liste for investeringsprogram, marginalliste eller uprioritert marginalliste for utbetring av fylkesvegar. Men mange prioriterte innspel frå kommunane på mindre investeringstiltak kjem ikkje fram på tabellene i handlingsprogrammet.

Tiltaket med omlegging av Fv 725 og Fv 60 vart meldt ferdig i eige brev til Statens vegvesen av 28.10.2010.

Etter omlegging av vegen i 2010 har det vore 2 flaumsituasjonar i området på vestsida av brua. Gjentetting av kum/rør ved avkøyrsla til Brulandsvegen har ført til at overvatn er blitt ført austover i vegbana til fylkesvegen, og forårsaka inntrenging i kjellar til eigedomen 157/3.

Stryn kommune har etter drøftingar med eigar teke kostnaden med utbetring/sikring av kjellar mot evt. framtidig skade. I tillegg til det er det gjeve tilsagn om kostnadsdekning med kr. 20.000,- til oppsetjing av gjere på mur langs denne eigedomen. Samla kostnad om lag kr. 100.000,- Statens vegvesen har i ettertid etablert ny inntakskum og rør med større diameter over fylkesvegen og nedover til utløp ved sjøen, for å hindre gjentakande situasjonar.

På samrådsmøte mellom Stryn kommune/Fylkeskommunen/Statens vegvesen den 01.09.2016 var denne saka oppe til drøfting, med følgjande konklusjon:

«Sluttoppgjer og søknad om refusjon må sendast til Fylkeskommunen/Statens vegvesen. Eigedomsoverføring vert gjennomført av Statens vegvesen».

### **Vurdering:**

Tiltaket med omlegging av vegen gjennom Utvik sentrum har vore ei utradisjonell utbygging, der utbygginga har vore oppdelt i mange deletapper og med mange tiltaksnummer. Ved oppstart var det forventa at tiltaket kom i snarleg posisjon for fylkeskommunal løyving/utbygging. Men når det ikkje fekk prioritering, valgte Stryn kommune å fullføre tiltaket med omlegginga av den fylkeskommunale vegen. Dette på bakgrunn i krav frå nærliggande eigedomshavarar og vidare vurderingar av administrasjonen / politisk drøfting.

På vedlagde excel-ark «Kostnadsoppstilling div. tiltak Utvik sentrum» framgår dokumentasjon for utbyggingskostnadane. Oppstillingane vedkomande dei ulike tiltaka er gjennomgått saman med økonomiavd. Pr. 11.11.2016 er det utbyggingskostnader på kr. 880.796,- som spesifikt tilhøyrrer omlegginga av Fv 725 (inkl. kr. 20.000,- som avtalt delkostnad for gjerde på mur ved 157/3).

I Stryn kommune sitt rekneskap for tiltaket 46092 Fylkesvegen Utvik – Moldereim er det pr. 11.11.2016 ein sum kr. 643.615,- som står uinndekka. Med tillegg av delkostnad for gjerde (kr. 20.000,-) vert denne summen kr. 663.615,- .

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Tiltaket med omlegging av Fv 725 gjennom Utvik sentrum vert avslutta med ein uinndekka kostnad på kr. 663.615,-. Den uinndekka kostnaden vert å finansiere med ei auke i låneramme for tiltaket.
2. Stryn kommune godkjenner ei auke i låneramme for tiltaket 46092 med kr. 663.615,- .

Budsjettendring:        34000 – 4400 – 33310 – 46092 debet  
                                     39100 – 8000 – 33310 – 46092 kredit

3. Stryn kommune sender søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune med kopi til Statens vegvesen der ein ber om refusjon av direkte kostnader for Stryn kommune med kr. 663.615,- i samband med omlegginga av ny Fv 725 gjennom Utvik sentrum.
4. Eigedomsoverføringar i samband med omlegginga av fylkesvegen vert gjennomført av Statens vegvesen.

#### **Sektorutval for tekniske saker 29.11.2016:**

##### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

#### **TS- 114/16 Vedtak:**

1. Tiltaket med omlegging av Fv 725 gjennom Utvik sentrum vert avslutta med ein uinndekka kostnad på kr. 663.615,-. Den uinndekka kostnaden vert å finansiere med ei auke i låneramme for tiltaket.
2. Stryn kommune godkjenner ei auke i låneramme for tiltaket 46092 med kr. 663.615,- .

Budsjettendring:        34000 – 4400 – 33310 – 46092 debet  
                                     39100 – 8000 – 33310 – 46092 kredit

3. Stryn kommune sender søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune med kopi til Statens vegvesen der ein ber om refusjon av direkte kostnader for Stryn kommune med kr. 663.615,- i samband med omlegginga av ny Fv 725 gjennom Utvik sentrum.
4. Eigedomsoverføringar i samband med omlegginga av fylkesvegen vert gjennomført av Statens vegvesen.

**Formannskapet 07.12.2016:**

**Handsaming:**

Sektorutvalet for tekniske saker sitt framlegg samrøystes tilrådd.

**FO- 218/16 Vedtak:**

1. Tiltaket med omlegging av Fv 725 gjennom Utvik sentrum vert avslutta med ein uinndekka kostnad på kr. 663.615,-. Den uinndekka kostnaden vert å finansiere med ei auke i låneramme for tiltaket.
2. Stryn kommune godkjenner ei auke i låneramme for tiltaket 46092 med kr. 663.615,- .  
  
Budsjettendring:       34000 – 4400 – 33310 – 46092 debet  
                                  39100 – 8000 – 33310 – 46092 kredit
3. Stryn kommune sender søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune med kopi til Statens vegvesen der ein ber om refusjon av direkte kostnader for Stryn kommune med kr. 663.615,- i samband med omlegginga av ny Fv 725 gjennom Utvik sentrum.
4. Eigedomsoverføringar i samband med omlegginga av fylkesvegen vert gjennomført av Statens vegvesen.

**Kommunestyret 15.12.2016:**

**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

**KS- 127/16 Vedtak:**

1. Tiltaket med omlegging av Fv 725 gjennom Utvik sentrum vert avslutta med ein uinndekka kostnad på kr. 663.615,-. Den uinndekka kostnaden vert å finansiere med ei auke i låneramme for tiltaket.
2. Stryn kommune godkjenner ei auke i låneramme for tiltaket 46092 med kr. 663.615,- .

Budsjettendring: 34000 – 4400 – 33310 – 46092 debet  
39100 – 8000 – 33310 – 46092 kredit

3. Stryn kommune sender søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune med kopi til Statens vegvesen der ein ber om refusjon av direkte kostnader for Stryn kommune med  
kr. 663.615,- i samband med omlegginga av ny Fv 725 gjennom Utvik sentrum.
4. Eigedomsoverføringar i samband med omlegginga av fylkesvegen vert gjennomført av Statens vegvesen.